



Leiinga er fornøgd - og det er også festivaldeltakarane! Foto: Ola Matti Mathisen

Festivalen 2013 vart ein suksess trass i ein liten nedgang i publikumstalet frå i fjor. Bjørn Olav Tveit melder i ettermiddag at det var vel 800 fredag og vel 1300 laurdag, tilsaman 2300 medan fjorårstalet var 2500.

Leiinga tek denne nedgangen med fatning og minnar om det trugande veret. Dei er ikkje i tvil om at det verka negativt inn.

Tveit slår likevel fast at dei er utruleg godt fornøgd dagen derpå. Ikkje minst er dei tilfreds med utvidinga av festivalen og responsen på denne.

Festivalen var ein oppmuntring og inspirasjon framfor nye løft.

Av Ola Matti Mathisen



Ø i minst 12 varianter vart severt Foto: Ola Matti Mathisen